



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 14.09.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 17:50

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvalsleiar
Bente Jorunn Sundheim	H	Nestleiar
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem
Terje Davidsen	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Roald Brekke	SP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Björg Aase Nottveit Hop	AP	Roald Brekke

Andre møtande:

Representant frå Deloitte
Roger Erlandsen, sekretær

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
23/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
24/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
25/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
26/2016	ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER
27/2016	PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 2
28/2016	VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON
29/2016	HFK



Vaksdal kommune



23/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KONT - sak 23/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

24/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KONT - sak 24/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

25/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

I tillegg til utsende meldingar, vart uavhengighetserklæring frå Deloitte levert ut i møtet.

KONT - sak 25/2016 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

26/2016: ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om omsorgsboliger til orientering.

Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

Det blei i KU-møtet 25.11.15 vedteke å invitere rådmannen til å gi ein orientering om omsorgsboligene i kommunen.

Kontrollutvalet ønsker ein oversikt over antall boliger, kor dei fins, og informasjon om kven som kan bu i dei. Rådmannen har tidlegare vert forhindra frå å gi denne orienteringa.

Rådmannen ga ein orientering i møtet, og ettersendte etter møtet følgende informasjon:



Orientering om omsorgsbustader

Kontrollutvalet ønsker ein oversikt over antall boliger, kor dei fins, og informasjon om kven som kan bu i dei.

Aldersbustader/Omsorgsbustader – oversikt pr sept 2016

Forvaltningskontoret tildeler etter vedtatte kriteria

Navn	Stad	Tal
Jamnetunet	Vaksdal	14
Daletunet	Dale	31
Sveabrekka	Stamnes	8
Markveien	Dale	5
<u>Elvaveien</u>	Dale	12
<u>Fabrikkvn 1</u>	Dale	3

- 20 år nedbetaling/avskrivning til Husbanken, i dei åra må bruken vera i samsvar med vedtak frå Husbanken
- Kommunen har høve til å selje bustader, om dette skjer før det har gått 20 år, skal lån og tilskot frå Husbanken tilbakebetalast

Andre utleigebustader -

<u>Fossdalsbakkane, Vaksdal</u>	6	Lån/ <u>tilskot frå</u> Husbanken
<u>Skulen, Dale</u>	6	
<u>Tveitane, Vaksdal</u>	4	
<u>Eksingedalen</u>	1	

Kriteria for tildeling: personar som har vanskar med å skaffe seg bustad i den ordinære bustadmarknaden og som kommunen har plikt til å skaffe ein stad å bu

Økonomiplan

Prosjekt for sal og nybygg

Lev Vel i Vaksdal – vurdere framtidsbehov

Rådmannen informerte at det er kun utleigebustadene i Fossdalsbakkene det er binding på bruken av. Dei andre bustadene er betalt ned, og kommunen er derfor ikkje lenger bundet til å bruke dei i samsvar med formålet for lånet.



KONT - sak 26/2016 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om omsorgsboliger til orientering.

27/2016: PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: PROSESSMØTE 2

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

I arbeidet med prosjektplan for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, og prosjektplan for utarbeiding av plan for selskapskontroll skal det utføres to prosessmøter. Det første prosessmøtet blei gjennomført i KU-møtet 27. januar 2016.

I møtet 27. januar blei det brukt eit risikospel med oversikt over dei ulike tjenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker fekk kontrollutvalsmedlemene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

I møtet 14. september blei prosessmøte 2 gjennomført. Her blei endeleg prioritering til Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll utført.

Representant frå Deloitte orienterte om forarbeidet til dokumentene som blei lagt fram i møtet.

Plan for forvaltningsrevisjon

Deloitte ba kvart medlem om å legge fram si eiga prioritering. Når dette var utført samla alle medlemene seg rundt eit bord der alle prioriteringane var lagt fram. Medlemene kom i lag fram til å prioritere fylgjande revisjonar:

Forvaltningsrevisjon av:

- Mottak og oppfølging av flyktningar
- Internkontroll. Særlig retta mot barnevern, pleie og omsorg og tekniske tenester
- Sjukefråvær, personal og HMT-arbeid
- Sakshandsaming, arkivering og journalføring
- Bruk av mellombels stillingar og handtering av tilsettingssaker. Særleg fokus på bemanning i barnehagar.
- Tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Budsjettering og økonomistyring



Følgjande revisjonar er uprioritert:

Forvaltningsrevisjon av:

- Innkjøp
- Vedtaksoppfølging
- Plan- og byggesakshandsaming
- Næringsforvaltning og næringsstøtte
- Heimetenesta
- Brannvern
- Førebyggjande tenester for barn og unge
- Eigeomsforvaltning
- Vedlikehald og fysisk miljø i skular og barnehagar

Plan for selskapskontroll

Terje Davidsen ba om habilitetsvurdering når utkast til Plan for selskapskontroll skulle behandlas. Terje er varamedlem i Vaksdal Næringssselskap AS, og styremedlem i BKK. Desse er omfatta av selskap som er med i utkast til Plan for selskapskontroll. Terje D. blei einstemmig rekna som inhabil, og fråtredde i saka.

Etter gjennomgang av selskapa blei medlemene samd om fylgjande prioriterte selskapskontrollar:

- Eigarskapsforvaltninga
- Vaksdal Næringssselskap AS

Nye planutkast i henhold til diskusjonen i møtet blir utarbeida av Deloitte og sendt til medlemene. Endeleg vedtak blir fatta i neste møte.

KONT - sak 27/2016 Vedtak:

Nye planutkast i henhold til diskusjonen i møtet blir utarbeida av Deloitte og sendt til medlemene, og vedtak blir fatta i neste møte.

28/2016: VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

I KU-møtet 14. september blei det vurdert om det skal bestillas ein ny forvaltningsrevisjon på grunnlag av revisjonen på «Heimeteneste» som tidlegare er gjennomført.

Det er blant anna ønskeleg å vite noke om korleis brukarane oppfattar tenestene som blir tilbydt, og



korleis dei tilsette opplever arbeidsdagane.

Kontrollutvalet blei samd om å be Deloitte utarbeide ein prosjektplan for ein slik forvaltningsrevisjon med framlegging i neste møte.

KONT - sak 28/2016 Vedtak:

Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide ein prosjektplan som legges frem i neste møte.

29/2016: HFK

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet 14.09.2016

Behandling:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune informerte om deira tilbod til sekretariattjenester i KU-møtet 11. mai 2016.

Leiar for kontrollutvalet i Vaksdal hadde etter dette møtet forhørt seg med kontrollutvalet i Voss og Samnanger kommune som nyttar seg av HFK sin sekretariattjeneste. Han fekk gode tilbakemeldingar frå desse.

Etter gjennomgang av saka i møtet blei det bestemt at Vaksdal KU ber om tilbod frå HFK om sekretariattjeneste for kontrollutvalet i Vaksdal. I tillegg ber Vaksdal KU om tilbod for gjennomføring av anbudsrunder for revisjonstenester.

Kontrollutvalet i Vaksdal sender brev til kontrollutvalet for Askøy og informerer om mogleg bytte av sekretariattjeneste for kontrollutvalet.

KONT - sak 29/2016 Vedtak:

Vaksdal KU ber om tilbod frå HFK om sekretariattjeneste for kontrollutvalet i Vaksdal. I tillegg ber Vaksdal KU om tilbod for gjennomføring av anbudsrunder for revisjonstenester.



ANDRE SAKER/DRØFTINGAR

Eit medlem ynskja informasjon om båt plassar i småbåthavna på Stanghelle som kommunen eig.

Leiar for KU hadde skaffa informasjon om dette:

- Plassane var i utgangspunktet tiltenkt videresolgt til innbyggjarar som kjøper tomt og hus i kommunen
- Ingen av dei som har kjøpt tomt og hus i kommunen har benytta seg av moglegheita til å kjøpe båt plass så langt
- Dei fleste båt plassane som kommunen eig er per i dag leigd ut til andre
- Per i dag to prisar for utleige ut frå størrelse på båt plass: kr 6000/kr 8000 pr år
- Vidare lagnad for dei kommunalt eigde båt plassane vil evt. måtte avgjerast politisk i kommunestyret.